

Eva Kleiveland
Mjukebakkane 4
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8810 - 23/41328

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
31.05.2023

Godkjenning som sjølvbyggar for utførande funksjon - gbnr 309/32 Hjertås

Administrativt vedtak. **Saknr:**
Tiltakshavar: Eva Kleiveland
Ansvarleg søker: Navar Takst Og Eiendom As
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak [med ansvarsrett]

VEDTAK:

Søknad om å stå som sjølvbyggjar for utførande funksjon i tiltak vert godkjend. Vedtak er heimla i SAK10 §6-8.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Det er i samband med søknad om ferdigattest vist til at tiltakshavar ynskjer å stå som ansvarleg utførande for tiltak. Tiltak er underlagt krav om ansvarsrett jf. kapittel 23 i plan- og bygningslova.

I denne omgang vert søknad om sjølvbyggjar vurdert for utførande funksjon, jf. SAK10 §6-8 for bruksendring frå fritidsbustad til bustad.

Vurdering

Det går fram av SAK10 §6-8 at kommunen kan godkjenne person for ansvarsrett som sjølvbyggjar av eigen bustad eller fritidsbustad dersom personen sannsynleggjer at arbeidet blir utført i samsvar med plan- og bygningslova.

Det er i samband med søknad om ferdigattest søkt om sjølvbyggjar for utførande del av tiltak. Det er per telefon orientert om at dette gjeld mindre arbeid som utskifting av vindauge m.m. Kommunen legg til grunn ansvarleg søker si vurdering av at tiltak er omfatta av tiltaksklasse 1.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Vidare vert det lagt vekt på at det ligg føre ansvarleg føretak som dekkjar ansvarsrett for prosjektering av tiltaket. Dette er vurdert som positivt i søknad om å stå som sjølvbyggjar, ettersom prosjektering omfattar store delar av vurderingane rundt tekniske krav med meir.

Kommunen vurderer at tiltakshavar kan stå som sjølvbyggjar for utførande del av tiltak knytt til bruksendring frå fritidsbustad til bustad. Syner på generell basis til at tiltak må utførast i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Tiltak skal utførast i samsvar med byggeteknisk forskrift, forutanom fritak som er gjeve i løyve datert 20.03.2023. Sjå her for utklipt av vedtak:

Det vert gjeve fritak frå byggeteknisk forskrift (TEK17) §12-7, §13-2 og §§14-2 og 14-3 jf. plan- og bygningslova §31-4. Sjå saksutgreiling.

Regelverk

- Tiltak etter pbl § 20-1 er søknadspliktig etter pbl § 20-2.
- Nabo og gjenbuuarar skal ha varsel om tiltak i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3.
- Krav om tilgang til vatn og avlaup finn du i plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Krav til tilkomst til offentleg veg finn du i plan- og bygningslova § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Krav til avfallsplan følgjer av byggeteknisk forskrift (TEK) § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/8810

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande

Einar Aase

Avdelingsleiar

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eva Kleiveland
Navar Takst Og Eiendom As

Mjukebakkane 4
Bustølvegen 40

5918 FREKHAUG
5919 FREKHAUG